

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Erik Klausen	FE-400	22/495

Saknr	Utval	Type	Dato
016/2022	Arbeidsmiljøutvalet	PS	24.05.2022
010/2022	Administrasjonsutvalet	PS	31.05.2022
070/2022	Formannskapet	PS	31.05.2022
042/2022	Kommunestyret	PS	16.06.2022

Revisjon Seniorpolitikk

Vedlegg:

Journalposttittel

Revisjon seniorpolitikk_2022

Dato

19.05.2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Seniorpolitikk for Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Gjeldande Seniorpolitikk for Masfjorden kommune vart vedteken 25.03.2019. I samband med revisjon av personalreglementet har rådmannen har no sett behov for å gjennomgå seniorpolitikken, og revidere dette dokumentet for å nå seniorpolitiske mål.

Fakta

Fakta

Ei gruppe sett saman av representantar frå administrasjonen og hovudtillitsvalde har gått gjennom Seniorpolitikk og kome med framlegg til endringar. Desse har vore involvert i arbeidet: Sveinung Toft, assisterande rådmann, Oddvin Neset, helse- og omsorgsleiar, Erik Klausen, personalrådgjevar, Britt Inger Myhr, HTV Fagforbundet og Ørjan Valestrand, HTV Utdanningsforbundet. Sluttproduktet er gjennomgått i møte med alle hovudtillitsvalde i kommunen.

Vurdering

I vedlagt dokument er føreslåtte endringar markert med gult, og det som vert føreslegen fjerna er streka over.

Dei viktigaste endringane er desse:

- 3e) Fritid og undervisningsfri: 5 dagars arbeidsfri med løn etter fylte 60 år kan takast som enkeltdagar eller samanhengande dagar. Førre reglement sa at ein berre kunne ta det som enkeltdagar.
- 4b) «Seniorpolitikk Masfjorden» som praktisk rutine: Tidlegare vart alle som var fylt 60 år invitert til seniorsamling i samarbeid med kommunane i Nordhordland. Dette tilbodet eksisterer ikkje lenger. Ein går difor over til ei ordning der Masfjorden kommune inviterer KLP til å ha ein gjennomgang med tilsette

Konklusjon

Det vert tilrådd at framlegg til Seniorpolitikk for Masfjorden kommune vert vedteken slik det ligg føre.

Arbeidsmiljøutvalet - 016/2022

AM - behandling:

Endringar i seniorpolitikk vart presetert.

AM - vedtak:

Seniorpolitikk for Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

Administrasjonsutvalet - 010/2022

AU - behandling:

Ørjan Valestrand (Utdanningsforbundet) sette fram følgjande endringsforslag til pkt f):

For å gje ein honnør for seniorar som held fram i arbeid, vert det gjev eit seniortillegg:

Frå fylte 63 år - kr 7 500,- pr år i 100 % stilling

Frå fylte 65 år - auke på kr 7 500,- (totalt kr 15 000,- pr år i 100 % stilling)

Den som har teke ut delvis AFP-pensjon eller går i deltidsstilling får seniortillegget redusert tilsvarande.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå Arbeidsmiljøutvalet vart røysta opp mot framlegg til vedtak frå Utdanningsforbundet.

Framlegg til vedtak frå Arbeidsmiljøutvalet vart tilrådd til formannskapet med 3 røyster (H , Krf og Fagforbundet) mot 3 røyster (Sp, Ap og Utdanningsforbundet) då utvalsleiar stemte for framlegget frå Arbeidsmiljøutvalet.

AU - vedtak:

Seniorpolitikk for Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

Formannskapet - 070/2022

FS - behandling:

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram følgjande framlegg til endringsforslag til pkt f):

For å gje ein honnør for seniorar som held fram i arbeid, vert det gjev eit seniortillegg:

Frå fylte 63 år - kr 7 500,- pr år i 100 % stilling

Frå fylte 65 år - auke på kr 7 500,- (totalt kr 15 000,- pr år i 100 % stilling)

Den som har teke ut delvis AFP-pensjon eller går i deltidsstilling får seniortillegget redusert tilsvarande.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå Administrasjonsutvalet vart røysta opp mot framlegg til vedtak frå Ap.

Framlegg til vedtak frå Administrasjonsutvalet vart tilrådd til kommunestyret mot 2 røyster (Ap og Sp).

FS - vedtak:

Seniorpolitikk for Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

Kommunestyret - 042/2022

KS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Seniorpolitikk for Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.